

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2014-2025 Strukturdel



Vedtøken av kommunestyret i Vågsøy
i sak K-025/14 den 10. april 2014

Innhold

1. INNLEIING	3
1.1 FORORD	3
1.2 BAKGRUNN.....	3
1.3 SAMANDRAG	4
1.4 FØRINGAR.....	4
1.5 SAMFUNNSUTVIKLING.....	4
1.6 PROGNOSEAR BARNETAL OG ELEV TAL	4
1.7 OPPVEKSTSTRUKTUR.....	4
1.8 DRIFT	4
1.9 ANALYSE AV STYRKJER, SVAKHEITER, MOGLEGHEITER OG TRUSLAR.....	4
1.10 EKSISTERANDE BYGG OG LOKALE.....	5
1.11 STRUKTUR I FRAMTIDA	5
1.12 PROSJEKTORGANISERING	5
2. VISJON OG VERDIAR	6
3. HOVUDGREP I OPPVEKSTPLANEN	6
3.1 FRAMTIDIG STRUKTUR	6
4. VEDLEGG	6

1. INNLEIING

1.1 FORORD

Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune har vore arbeidd med sidan desember 2011. Hausten 2013 vart kvalitetsdelen av planen godkjent i kommunestyret. Strukturdelen har vore arbeidd med hausten 2013 og i møte i planutvalet den 30. januar 2014 vart det vedteke å legge ut til offentleg ettersyn 2 alternativ for barneskule og 1 alternativ ungdomsskule.

Sentrale myndigheiter avgjer mykje som gjeld barnehage, grunnskule og kulturskule. Det har likevel stor verdi at kommunen er ein aktiv og dyktig skule- og barnehageeigar. Kommunen har til dømes ansvar for kvalitet på tilbod som vert gjeve i barnehage, skule og kulturskule, for økonomiske rammer og skule-/barnehagestruktur, for tilsetning av alt personale og for at dei tilsette har tilstrekkeleg og riktig kompetanse. Kommunen har og ansvar for at det er gode og hensiktsmessige lokale til grunnskular, kulturskule og barnehagar. Dette set krav til kompetanse og engasjement både i administrasjonen og hos politkarane i kommunestyret.

Vågsøy kommunestyre ønskjer å bevisstgjere Vågsøy-samfunnet, vere ein aktiv skule- og barnehageeigar og ha eit sterkt fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår. Målet er å ha ein god og profesjonell kulturskule, skular og barnehagar i kommunen. Oppvekstområdet står overfor mange viktige utfordringar. Hovudutfordringa er å nå målet om tilpassa opplæring for alle - slik at vi i endå større grad kan bidra til sosial utjamning og at fråfallet og ulikskapane i læringsutbytte kan reduserast. Dette krev ressursar. Fokus dei siste åra har i hovudsak vert økonomi. Dette har gått ut over fornying av bygg og styrking av innhaldet i tilbodet.

Vi må vere framtidsretta når vi byggjer nytt eller rehabiliterer bygg. Det er viktig å bygge bygg som har fleksible areal, for eit mangfald av læringssituasjonar - slik at det ligg til rette for bruk av varierte læringsstrategiar og arbeidsmetodar. Målet er å gje alle best mogleg tilpassa opplæring for å styrkje kvart einskild barn sitt sosiale og faglege læringsutbytte. Bygg med fleksible areal gir også moglegheiter for både styrking, endring og utvikling av pedagogisk praksis.

Både i høve til komande rehabiliteringsbehov, krav til universell utforming, fysisk læringsmiljø og det å sikre ein lik kvalitet i heile kommunen er det store økonomiske utfordringar uavhengig av kva framtidig struktur som vert vedteken. Norconsult har sidestilt dei to alternativa med ein eller to nye barneskular. Ein barneskule i Måløy og ein barneskule i Skavøypoll vil gje to høveleg store barneskular og langt fleire som kan gå til skulen. Skulane vil vere viktige for lokalsamfunna og begge vil ha betre tilknytning til Måløy sentrum enn ein felles barneskule på t.d. Tennebø. Alternativet har ulemper knytt til m.a. høgare driftsutgifter, skyss til basseng og behov for å ha idrettsdel på begge skulane. Eit anna aspekt for framtida er Måløy som kommunesenter og kva aktivitetar vi vil ha der. Det er viktig å ha tilbod som m.a. skule, kultur og fritidstilbod for å ha eit levande sentrum der barn og ungdom trivst. Rådmannen rår til at ein nyttar høyringsprosessen til å ta stilling til om ein vil vedta ein ny skulestruktur der ein legg størst vekt på økonomiske argument eller ein struktur der samfunnsverdiar vert tillagt ein høg verdi ved endeleg avgjerd.

Rådmann
Knut Ove Leite

Kommunalsjef
Tone Holvik

1.2 BAKGRUNN

På oppdrag frå Kommunestyret i Vågsøy er det utarbeidd ein kommunedelplan for oppvekst. Planen er utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan i samsvar med plan- og bygningslova.

Målsettinga for planarbeidet har vert at planen skal byggje på nasjonale og kommunale mål og føringar og gje eit godt grunnlag for vidare utvikling av oppvekstområdet i Vågsøy. Planarbeidet skal gje eit oversiktleg bilde av situasjonen i dag og vedta mål og strategiar for å sikre barna ein kvalitativ god oppvekst innanfor ein økonomisk realistisk struktur.

Planprogram for Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2012-2024 er lagt til grunn for planarbeidet.

1.3 SAMANDRAG

Ein viktig faktor for å sikre ein einskapleg oppvekstsektor, med lik kvalitet, er det fysiske læringsmiljøet. I dag er det stor skilnad på dei ulike skulane og stor skilnad mellom offentlege og private barnehagar.

Det er presentert 2 moglege alternativ for barneskule i kommunen . Vidare er det presentert 1 alternativ for ungdomsskule i kommunen. Bakgrunnsmateriale i del 2 av planen, vedlegg

1.4 FØRINGAR

Det er gitt ei rekkje føringar gjennom lowerk og retningslinjer. Kommunen har og ei rekkje føringar gjennom gjeldande planar og utviklingsprosjekt. I vedleggsdelen til planen er desse føringane skildra i kap.2.

1.5 SAMFUNNSUTVIKLING

Prognosar for folketalsutvikling er eit viktig grunnlag for diskusjon om utvikling av tenestetilbod, struktur og framtidige kommunale investeringar. Vågsøy kommune har frå 1995 til 2009 hatt folketalsnedgang. Dei siste åra har det vore ein folketalsvekst i Skram skulekrets og Skavøypoll skulekrets. Fødselsoverskotet har vort lågt og det er nettoflytting til kommunen som har halde folketalet. SSB sine prognosar for middels nasjonal vekst viser at folketalet kan få ein mindre vekst fram mot år 2025 og at det seinare vil minke igjen. Prognosen viser sakte minkande fødselstal, tal barn i barnehagealder og tal barn i grunnskulen.

Utfordringar knytt til folkehelse og levekår er tett knytt opp mot utfordringar i oppvekstsektoren. Vågsøy kommune er ein av dei tre kommunane som har høgast forbruk av barne- og ungdomspsykiatriteneste. Befolkninga har lågt utdanningsnivå og kommunen ligg under landsnittet når det gjeld prosentandelen personar i hushald med låg inntekt.

I kap. 3 i vedleggsdelen er både demografiske forhold og folkehelse og levekår skildra meir utførleg.

1.6 PROGOSAR BARNETAL OG ELEVTAL

Talet på barn i alderen 0-14 år har vort synkende sidan 2001, med nokre år med unntak der det har vore vekst. Fødselstala har variert og har nokre år vort låge. Mange årskull har ein nedgang, noko som skuldast at barnefamiljar har flytta frå kommunen.

1.7 OPPVEKSTSTRUKTUR

Oppvekststrukturen i dag er skildra i kapittel 5. i vedleggsdelen til planen. Kommunen har i dag ein barnehagestruktur med om lag like mange barn i offentleg som i privat barnehage. Det er 5 barneskular og ein ungdomsskule. Barneskulane har ulike SFO ordningar og alle gir leksehjelp. Skulane har ulike verktøy for arbeidet med psykososialt miljø. Det kommunale kultur- og fritidstilbodet er bibliotek, kulturskule, ungdomsklubb og kino. I tillegg er det mange private tilbod gjennom lag- og organisasjonar, dansestudio og treningssenter.

1.8 DRIFT

Drifta av dei ulike tenestene er skildra i kap. 6 i vedleggsdelen til planen.

1.9 ANALYSE AV STYRKJER, SVAKHEITER, MOGLEGHEITER OG TRUSLAR

Tidleg i planarbeidet vart det gjennomført ei analyse for å sjå kva vi er gode på i dag (styrker), avdekke forbedringspotensiale (svakheiter), sjå alternative måtar i høve til dagens måte å løyse oppgåvene på (moglegheiter) og unngå å påverke det som kan true kommunen sine målsettingar (truslar). Sjå kap. 7 i vedleggsdelen.

1.10 EKSISTERANDE BYGG OG LOKALE

Kap. 8 i vedleggsdelen skildrar bygg og lokale som vert nytta til tenester i oppvekstsektoren.

Dei ulike bygga er vurdert i forhold til kapasitet, arealbruk, driftskostnader og vedlikehaldsbehov, fysisk miljø, uteanlegg, universell utforming og energiløysing. Anlegget er og gitt ei totalvurdering.

Samla utbetningskostnader knytt til barnehagane og skulane er 168 mill. kroner. På ungdomsskulen er det estimert eit behov på 80 mill. og for Skram skule 30 mill. Ingen av delkapitla er godt nok utgreidd i forhold til universell utforming og kostnader ved å få bygga universelt utforma er ikkje inkludert i estimert vedlikehaldsbehov.

1.11 STRUKTUR I FRAMTIDA

Kapittel 9 i vedleggsdelen er ei utgreiing av skulestrukturen i framtida utarbeidd av Norconsult.

Kapittelet omhandlar overordna prinsipp for utforming av oppvekstsektoren, analyserer situasjonen i dag og utgreier alternativ framtidig struktur.

I tillegg har ART arkitektkontor utarbeidd materiale for framtidig ungdomsskule og vurdert skulane Skram og Skavøypoll. Desse ligg i egne vedlegg.

1.12 PROSJEKTORGANISERING

Kap. 10 i vedleggsdelen skildrar kort prosjektorganiseringa.

2. VISJON OG VERDIAR

Kommunedelplanprosjektet skal ta utgangspunkt i den overordna visjonen til Vågsøy kommune:

Vekst og trivsel

Visjon for oppvekstsektoren er:

Glade menneske som meistrar

Viktige verdier er:

Vennskap, inkludering, tryggleik, respekt, mestring, utvikling

3. HOVUDGREP I OPPVEKSTPLANEN

Fysisk miljø

Det fysiske miljøet handlar om korleis både ute - og inneområda er utforma. Det fysiske miljøet skal gje alle moglegheiter til fysisk aktivitet. Alle barn skal ha like moglegheiter til å utvikle evnene og talenta sine individuelt og i samarbeid med andre, og skulen skal fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar. Dette krev at bygga vert tilrettelagde og bygd på ein måte som gjer det muleg å nytte varierte læringsformer etter intensjonane i kunnskapsløftet.

3.1 FRAMTIDIG STRUKTUR

Kommunestyret vedtok i møte den 10. april 2014 i K-sak 025/14 følgjande struktur for oppvekstsektoren i Vågsøy:

1. Kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 Kommunedelplan for Oppvekst i Vågsøy kommune 2014 – 2024, Strukturdel.
2. Skuletilbodet i den framtidige strukturen skal vere på dei 5 noverande skulane Bryggja, Skavøypoll, Skram, Holvik og Raudeberg.
3. Ungdomsskolen i Vågsøy skal framleis vere lokalisert på Gotteberg.
4. Opplæring i og på teiknspråk (OL § 2-6) vert lagt til dei skulane som utfører dette i dag, Bryggja og Holvik.

4. VEDLEGG

Kommunedelplan for oppvekst i Vågsøy kommune 2012-2024 Del 2. Vedlegg.

ART: 11.10.13 Vågsøy ungdomsskule – utgreiing for rehabilitering av eksisterande skule og nybygg – 3 alternativ.

ART: Referat frå befaring 18.10.13 Skulestruktur Vågsøy kommune.

Vurdering av alternativ for skule – oppdrag frå formannskapet 14.11.2013.

Svar på oppdrag til administrasjonen til planutvalet sitt møte 30.01.2014.